



DET KONGELEGE KYRKJE-,
UTDANNINGS- OG FORSKINGSDEPARTEMENT

St.prp. nr. 63

(1999-2000)

Om samanslåing av vaksenopplærings-
institusjonane Norsk fjernundervisning,
Norsk vaksenpedagogisk
forskningsinstitutt og Statens ressurs- og
vaksenopplæringscenter

*Tilråding frå Kyrkje-, utdannings- og forskingsdepartementet av
19. mai 2000, godkjend i statsråd same dagen.*

1 Innleiing og bakgrunn

Dei store og raske endringane som skjer i samfunns- og arbeidsliv, nasjonalt og internasjonalt, stiller store krav til kontinuerleg og systematisk kompetanseutvikling. Noreg er i internasjonal samanheng i ein god situasjon med eit høgt nivå på grunnutdanninga, eit arbeidsliv som ser behovet for å styrkje kompetanseutviklinga, eit utdanningssystem som vil delta aktivt på tilbodsida, og med ein lang tradisjon for ei brei, folkeleg forankring av vaksenopplæringa.

Gjennom heile det siste tiåret har det vore arbeid med reformer i utdanningssektoren. For vaksne starta det for alvor med NOU 1997:25 Ny kompetanse. Innstillinga la grunnlag for St. meld. nr. 42 (1997-98) Kompetansereforma og Innst. S. nr. 78 (1998-99) om kompetansereforma.

Gjennom oppfølging av reforma har nokre aspekt blitt stadig klårare. For det første må det leggjast meir vekt på å få til eit godt samarbeid mellom alle som er opptatte av vaksenopplæring, dvs. ulike utdanningsinstitusjonar, aktørar, studieforbund og fjernundervisningsinstitusjonar, verksemder, organisasjonar og partar i arbeidslivet og styresmakter på ulike nivå. Ei slik tilnærming er m.a. viktig i samband med dei forslaga som ligg i Ot. prp. nr. 44 (1999-2000) om rett for vaksne til vidaregåande opplæring og ei plikt for fylkeskommunane til å gi slik opplæring.

For det andre har vi behov for kunnskap og erfaring på mange viktige område. Vi veit t.d. at utdanning og opplæring er kjerneelement i økonomisk utvikling. Vi veit likevel for lite om korleis vi i praksis skal gå fram for å auke produksjon, formidling og bruk av kunnskap og kompetanse slik at alle - i eit samspel mellom arbeidstakar og bedrift - best mogleg kan få nytta ressursane sine.

For det tredje må vi vite meir om brukarane sine behov for grunnopplæring. Vi veit ikkje kor mange vaksne som treng grunnskole eller vidaregåande opplæring, eller kor mange som ønskjer å ta slik opplæring. Vi veit ikkje kor mange innvandrarakar som treng norskopplæring eller kor lang tid dei treng til å lære språket. Det er derfor i gang tiltak for å kartleggje behova.

Opplæringsmodellane vi nyttar og pedagogikken i utdanningssystemet må betre tilpassast målgruppene sine behov, og det er derfor viktig å utvikle alternative modellar. Mange har opplevd nederlag i tradisjonelle undervisningssituasjonar og har derfor vanskar med å søkje vaksenopplæring, og vi veit for lite om korleis vi skal motivere til breiare deltaking. Arbeidsplassen er ein av dei viktigaste arenaene for læring, med omsyn til innhald, læringseffekt, formidling og bruk. Utfordringane er å utvikle modellar som legg til rette for å organisere effektive læringsløp med smidige overgangar mellom tradisjonell utdanning, uformell læring og læring i arbeidslivet. Vi treng derfor å kople kunnskap om læring med kunnskap om arbeidsliv, økonomi og organisasjon. For å få eit tettare felles rammeverk er det viktig at dei ulike miljøa innafor opplæring og arbeidsliv samarbeider. Både styresmakter og andre treng ein betre kunnskapsbase for å fastsetje utforminga av politikken framover.

For det fjerde er det viktig å ha blikket retta mot grupper som ikkje har sterke organisasjonar i ryggen, eller som av andre grunnar står i fare for å hamne utafør arbeidslivet og tilboda om kompetanseutvikling. Det kan dreie seg om svært ulike grupper av vaksne som har behov for tilrettelagte tilbod, både for dei som treng å auke kompetansen sin for å kunne kome inn i arbeidslivet, og for dei som treng ny opplæring for å halde fram i arbeidet sitt.

Kyrkje-, utdannings- og forskingsdepartementet har tre underliggjande institusjonar med vaksenopplæring som arbeidsområde, Norsk fjernundervisning (NFU), Norsk vaksenpedagogisk forskingsinstitutt (NVI) og Statens ressurs- og vaksenopplæringscenter (SRV). Kvar for seg er desse tre miljøa kompetente innafor eigne arbeidsområde, men dei er for små til å ta på seg dei store utfordringane som er nemnde over. Dersom ressursane og kompetansen blir samla, kan vi få ein handlekraftig og fagleg god institusjon som kan leggje til rette for utvikling og samarbeid mellom alle aktørane i vaksenopplæringa, og prøve ut tiltak og setje i gang og drive forskning og utviklingsarbeid innafor heile vaksenopplæringsområdet.

Fokus for den nye institusjonen blir vaksenopplæring innafor alle sektorar, arbeidslivet, vaksenopplæringsorganisasjonane og utdanningsinstitusjonane. Institusjonen skal ikkje konkurrere med andre miljø, men vere ein ressurs for alle som driv med vaksenopplæring.

Den nye institusjonen vil få eit særskilt ansvar for vaksne med mangelfull grunnutdanning og for vaksne med spesielle opplæringsbehov. Institusjonens aktivitetar kan ein grovt sett dele i

- kunnskapsutvikling i form av forskning, utvikling av læremiddel og pedagogisk og metodisk utviklingsarbeid
- kunnskapsformidling gjennom undervisning/opplæring, kurs og konferansar, rådgiving og rettleiing, publisering av m.a. forskingsresultat
- initiering og drift av utviklingsprosjekt og -program og oppstart og drift av nettverk mellom ulike organisasjonar.

I Ot. prp. nr. 44 (1999-2000) om endringar i opplæringslova gjer Regjeringa m.a. framlegg om å innføre individuell rett for vaksne til grunnskole og vidaregåande opplæring. I tilknytning til å betre tilboda på desse områda er det ei stor utfordring å finne fram til opplæringsmodellar, utvikle tilbod som kjem deltakarane sine behov for opplæring i møte og seinare evaluere innhald og organisering av opplæringa. For betre å kunne gripe tak i dei store utfordringane ønskjer departementet ei samanslåing av dei tre institusjonane til ein ny organisasjon, meir tilpassa framtidens kompetansebehov.

2 Dei noverande institusjonane

2.1 Norsk vaksenpedagogisk forskingsinstitutt

Norsk vaksenpedagogisk forskingsinstitutt (NVI) vart oppretta i samband med Stortinget si handsaming av St. prp. nr. 67 (1974-75), jf. Innst. S. nr. 176 (1974-75). Føremålet med opprettinga var at NVI, gjennom eigne tiltak eller i samarbeid med andre institusjonar, skulle arbeide med oppgåver som vaksenpedagogisk utdanning, forskning, forsøk- og utviklingsarbeid, planlegging, informasjon, rådgiving og kontakt- og konsulentverksemd. Instituttet har i dag 14 tilsette i fast og seks i tidsavgrensa stilling, samt to stipendiatar. NVI er lokalisert i Trondheim.

Budsjettet for inneverande år er på 7,9 mill kr, og budsjettet for oppdrag og inntekter av sal er på 2,6 mill kr.

2.2 Norsk fjernundervisning

Norsk fjernundervisning (NFU) vart oppretta i samband med Stortinget si handsaming av St. prp. nr. 139 (1975-76), jf. Innst. S. nr. 218 (1976-77). Føremålet med opprettinga var at NFU, aleine eller saman med andre, skulle planleggje, arbeide ut og distribuere tilbod om fjernundervisning på alle nivå i utdanningssystemet. Arbeidet vart seinare presisert til å omfatte tilbod innafør grunnskolen og den vidaregåande opplæringa. NFU har i dag ni tilsette i fast stilling og ein i engasjement, totalt 9,7 årsverk. NFU er lokalisert i Oslo.

Budsjettet for inneverande år er på 8,5 mill kr, og budsjettet for tilskott, oppdrag og meirinntekter frå sal er på om lag 1,2 mill kr.

2.3 Statens ressurs- og vaksenopplæringscenter

Statens ressurs- og vaksenopplæringscenter (SRV) vart oppretta frå 1. august 1990, etter stortingsvedtak 23.mai 1990 om overføring av Voksengymnaset Hedgehaugen frå Oslo kommune til staten, jf. St. prp. nr. 88 (1988-89) og Innst. S. nr. 181 (1988-89). Føremålet var å sikre regulær og alternativ vaksenopplæring på vidaregåande opplæring sitt område, forsøks- og utviklingsarbeid for vaksne og oppdragsundervisning. Senteret har i dag 92 tilsette i fast stilling og seks tilsette på deltid, i alt 95 årsverk i faste og 2,4 årsverk i tidsavgrensa stillingar. Senteret er lokalisert i Oslo.

Dei siste åra har om lag 70 % av deltakarane ved SRV kome frå Oslo og Akershus.

Budsjettet for inneverande år er på 48,3 mill kr, og budsjettet for oppdrag og inntekter av sal er på 16,3 mill kr.

2.4 Planar om samarbeid

Våren 1999 vart det sett ned ei arbeidsgruppe med styreleiarane, administrasjonsleiarane og representantar for dei tilsette ved dei tre institusjonane. Arbeidsgruppa leverte innstillinga si til departementet i juni 1999, «Innstilling fra arbeidsgruppe for å utrede forskjellige modeller for framtidig organisering av SRV, NFU og NVI». Hovudforslaga i innstillinga gjekk på auka samarbeid mellom institusjonane og samanslåing av NFU og SRV.

I budsjettproposisjonen for år 2000 går det fram at ein arbeider for ei samanslåing av Statens ressurs- og vaksenopplæringscenter og Norsk fjernundervisning. Styret i Norsk vaksenpedagogisk forskingsinstitutt har seinare vedtatt at institusjonen vil ta del i samanslåinga.

I november 1999 sette Kyrkje-, utdannings- og forskingsdepartementet ned ei prosjektgruppe som arbeidde vidare med spørsmåla om felles fagleg og administrativ organisering av dei statlege vaksenopplæringsinstitusjonane NVI, SRV og NFU. Gruppa leverte rapport til departementet i mars 2000, der ein går inn for samorganisering av dei tre institusjonane. I rapporten er det gjort framlegg om at den nye institusjonen skal leggje hovudvekt på arbeid med forskning og utvikling på vaksenopplæringsfeltet, samarbeid med øvrige aktørar på vaksenopplæringsfeltet og vere lokalisert både i Oslo og Trondheim. Departementet, institusjonane sine styreleiarar, representantar for administrasjonane og arbeidstakarorganisasjonane har vore med i arbeidet. Saka har vore behandla i styra ved institusjonane, og alle partane har vore positive til samanslåing.

3 Ny vaksenopplæringsinstitusjon

3.1 Ansvar og arbeidsområde

Innafor vaksenopplæringa generelt - og i oppfølginga av Kompetansereforma spesielt - ser departementet behov for ein nasjonal institusjon som i hovudsak skal initiere og drive forskning og utviklingsarbeid og vere eit utviklingscenter for vaksenopplæringsfeltet i Noreg. Vidare skal institusjonen prøve ut nye undervisningsmetodar, formidle kunnskap til grupper som ikkje til vanleg tar del i dei tradisjonelle opplæringstilboda, og fungere som ein kunnskapsbase for alle som driv vaksenopplæring. Det er ein føresetnad at delar av verksemda til den nye institusjonen blir dekt gjennom inntekter frå oppdrag. Departementet har no lagt ansvaret for realkompetanseprosjektet til SRV, og NFU har ansvar for kompetanseutviklingsprogrammet.

Den nye institusjonen skal leggje vekt på å få til godt samarbeid med utdanningssystem og med arbeidslivet. Institusjonen skal også samarbeide med ei rekkje nasjonale og internasjonale institusjonar. Det skal vere nært samarbeid mellom den nye institusjonen og t.d. organisasjonane i arbeidslivet og med studieforbund, fjernundervisningsinstitusjonar, folkehøgskolar og deira fellesorganisasjonar. Vidare skal den nye institusjonen samarbeide med universitet, høgskolar, Sentralorganet for fleksibel læring i høgere utdanning (SOFF) og andre institusjonar som arbeider med vaksenopplæring. Det er ein føresetnad at den nye institusjonen skal ha nært samarbeid med det nyoppretta Senter for læring og utvikling. Mellom anna er det viktig at dei to institusjonane kjenner arbeidsoppgåvene og arbeidsområda til kvarandre.

Forskning, utvikling og analyse

Forskinga i institusjonen skal fortsatt ha si rolle i høve til nasjonale oppgåver innafor vaksenopplæringsfeltet. Institusjonen skal leggje vekt på fri og uavhengig forskning som reiser kritiske spørsmål, og som søker å gi ny kunnskap og innsikt som kan brukast i ulike vaksenpedagogiske samanhengar. Den forskinga som institusjonen skal drive, skal omfatte både forskning som institusjonen sjølv har initiert, og forskning finansiert av eksterne oppdragsgivarar. Særleg vil forskning rundt læringseffekten ved bruk av fleksible læringsformer, m.a. nye medium, bli viktige.

Ingen av dei noverande institusjonane har hatt spesielt fokus på behovsanalyse. Slike oppgåver skal den nye institusjonen leggje vekt på. Desse oppgåvene vil primært omfatte analyse av vaksenopplæringsbehovet i samfunnet, m.a. opplæringsbehova i bedrifter og organisasjonar og aktørane sine behov for omlegging av tilboda til brukarane. Utvikling og analyse av dette feltet må ein m.a. sjå i samheng med dei endringane som det no er lagt opp til i Ot. prp. nr. 44 (1999-2000), som m.a. omhandlar individuell rett for vaksne til grunnskole og vidaregåande opplæring.

Metodeutvikling

Hovudføremålet med dei undervisningstilboda som institusjonen skal drive, er å utvikle pedagogiske metodar tilpassa vaksne sine behov, og at alle dei som nyttar undervisningstilbodet, skal få tilbod om opplæring på eit fagleg høgt nivå. Eit av føremåla med å drive undervisning i den nye institusjonen er å utvikle eit «praktisk pedagogisk laboratorium» der ein kan prøve ut pedagogiske metodar, pedagogiske verktøy og ulike organiseringsmåtar som tener vaksnes læring. Institusjonen vil også få i oppgåve å hente inn erfaringar frå andre utviklingsinstitusjonar. Vidare skal han utvikle gode læremiddel for vaksne og leggje til rette for variert og pedagogisk bruk av teknologi i opplæringa. Gjennom det pedagogiske utviklingsarbeidet vil ein få erfaringar som skal kome heile vaksenopplæringsfeltet til gode.

Institusjonen vil få eit særskilt ansvar for grupper som til vanleg ikkje søker opplæring, for grupper som ikkje kan nytte dei tradisjonelle tilboda, og for grupper som treng tilpassa opplæring på ulike område og nivå. Institusjonen skal elles ha stor fridom til å gjennomføre forsøk innafor vaksenopplæringsfeltet.

Den nye institusjonen skal i hovudsak konsentrere seg om metodeutvikling, analyse, forskning, erfaringsspreiing og rettleiing. Konsekvensane av dette er at dei ressursane som SRV i dag nyttar til undervisning, må omdisponerast slik at dei kan nyttast til dei nye oppgåvene. Ein tar i første omgang sikte på å redusere det noverande undervisningsvolumet med om lag 1/3 frå og med august 2001. Endringa skal likevel skje på ein slik måte at dei deltakarane som no er under utdanning, skal få gjennomført utdanninga i tråd med planane sine.

Kunnskapsformidling og kunnskapsforvaltning

Institusjonen vil få ansvar for organisering, lagring og innhenting av kunnskap. I etableringa av institusjonen skal det leggjast vekt på at dette skal bli ein vaksenopplæringsinstitusjon der brukarane skal kunne søkje informasjon og rettleiing. Brukarane vil m.a. vere offentlege verksemder, partane i arbeidslivet, utdanningsinstitusjonar, bedrifter og organisasjonar som treng bistand til å vurdere og løyse opplæringsbehova sine, lærarar og instruktørar i vaksenopplæringa og dei som bruker opplæringstilboda.

Vidare vil institusjonen få ansvar for å bidra til å utvikle gode arenaer for kommunikasjon og formidling av læring via nye medium, å informere om nye utviklingstrekk og -område i det internasjonale miljøet på vaksenopplæringssektoren og å formidle kunnskap gjennom å arrangere konferansar, kurs og seminar.

3.2 Styringsstruktur

Departementet har førebels lagt til grunn at den nye institusjonen skal vere eit ordinært forvaltningsorgan, leia av eit eige styre. Styret skal ha brei representasjon frå dei som har interesse i vaksenopplæringsfeltet.

4 Økonomiske og administrative konsekvensar

Samanslåinga av dei tre institusjonane vil ikkje føre til budsjettmessige endringar i budsjettet for i år. Økonomien for seinare år vil vere ein del av dei årlege budsjettframlegga. Ein tar sikte på at den nye institusjonen skal få ein infrastruktur som gjer at han enkelt kan ivareta dei oppgåvene som institusjonen skal ha ansvar for. Departementet føreset at alle som er tilsette i dei tre institusjonane, skal overførast til den nye institusjonen.

Norsk vaksenpedagogisk forskingsinstitutt er lokalisert i Trondheim medan dei to øvrige institusjonane er lokaliserte i Oslo. Når det gjeld plasseringa av den nye institusjonen, vil ein ikkje sikte på å endre lokalisering av NVI frå Trondheim, men snarast råd søkje å samlokalisere den delen av verksemda som ligg i Oslo.

Kap. 256 og kap. 3256 i statsbudsjettet omhandlar i dag løyving til alle dei tre institusjonane. For inneverande år har institusjonane ei samla løyving på 64,792 mill. kroner på utgiftssida (kap. 256) og 19,744 mill. kroner på inntektsida (kap. 3256). Departementet tar sikte på at ein skal nytte dei same budsjettkapitla for utgifter og inntekter til den nye vaksenopplæringsinstitusjonen.

Kyrkje-, utdannings- og forskingsdepartementet

t i l r å r :

At Dykkar Majestet godkjenner og skriv under eit framlagt forslag til proposisjon til Stortinget om samanslåing av vaksenopplæringsinstitusjonane Norsk fjernundervisning, Norsk vaksenpedagogisk forskingsinstitutt og Statens ressurs- og vaksenopplæringsssenter.

Vi HARALD, Noregs Konge,

s t a d f e s t e r:

Stortinget blir bedt om å gjere vedtak om samanslåing av vaksenopplæringsinstitusjonane Norsk fjernundervisning, Norsk vaksenpedagogisk forskingsinstitutt og Statens ressurs- og vaksenopplæringsssenter i samsvar med eit framlagt forslag.

Tilråding frå Kyrkje-, utdannings- og forskingsdepartementet ligg ved.

Forslag til vedtak:

I

Stortinget godkjenner samanslåing av vaksenopplæringsinstitusjonane Norsk fjernundervisning, Norsk vaksenpedagogisk forskingsinstitutt og Statens ressurs- og vaksenopplæringscenter frå 1. januar 2001.

